



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
27/26	Plan- og forvaltningsutvalet	12.05.2026

Områdeplan Fonndøla – Hausamoen, endring/ revisjon handsaming av planinitiativ

Kommunedirektøren si tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune ser positivt på planinitiativ vedlegg 1 med føremål å revidere gjeldande områderegulering Fonndøla Hausamoen, planid 2020011, levert inn av Norconsult på vegne av fleire aktørar. Plan- og forvaltningsutvalet ber administrasjonen gje naudsynte tilbakemeldingar for at prosessen kan starte.

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 27/26 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune ser positivt på planinitiativ vedlegg 1 med føremål å revidere gjeldande områderegulering Fonndøla Hausamoen, planid 2020011, levert inn av Norconsult på vegne av fleire aktørar. Plan- og forvaltningsutvalet ber administrasjonen gje naudsynte tilbakemeldingar for at prosessen kan starte.

Samandrag

Luster kommune har motteke eit planinitiativ for endring av gjeldande områdeplan Fonndøla-Hausamoen. Endringane går stort sett på det å handtere naturfare, samt noko endra arealbruk i sørenden av planområdet. Kommunedirektøren rår til at tilakshavar kan gå vidare med planarbeidet.

Utval som har vedtaksmynde: Plan- og forvaltningsutvalet
Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:
Delegeringsreglementet

Fakta

Luster kommune har motteke eit planinitiativ for endring av gjeldande områderegulering Fonndøla Hausamoen. Føremålet med planendringa er beskrive i avsnittet under, henta frå planinitiativet:

Hovudinnhald i planinitiativet

Bakgrunnen for planarbeidet er å endre delar av gjeldande reguleringsplan Fonndøla-Hausamoen. Siktemålet med endringa er å endre føremål innanfor felt SPA (parkering) til lager og kontor, samt avklare planen i høve naturfare, slik at det ikkje er trong for ny detaljregulering. Planen opnar i dag for næring innanfor felt BN2. Bluefjords AS ynskjer å etablere eit nytt datasenter innanfor føremålet. Gjeldande plan opnar opp for dette, men som ein del av endringa vil endringane frå juli 2025 i Kart- og planforskrifta bli lagt til grunn for feltet, slik at feltet vert sett av med eige føremål for datasenter.

Som ein del av arbeidet vil det også søkast å regulere areal for sikringstiltak nord for felt B12. Skred AS har for ei tid sidan fullført vurderinga av dei føreslåtte sikringstiltaka mot skred for å sikre B12. Dei tilrådde tiltaka ligg i stor grad utanfor planavgrensinga i gjeldande reguleringsplan og utanfor føremålet B12. Skred AS tilrår eit sikringskonsept som omfattar fangvollar og fleksible støttekonstruksjonar/rasgjerdje mot steinsprang og snøskred, fangvollar mot lausmasseskred, samt steinsikring mot steinras. For område BSM er det ikkje gjort same analyse, men plangrensa er utvida til skal sikre «worst case» areal for å sikre begge områda (figur 3) etter anbefaling frå Skred AS. Også her vil endringane frå juli 2025 i Kart- og planforskrifta bli lagt til grunn for feltet, slik at feltet vert sett av med eige føremål for datasenter.

Det vert vist til planinitiativ for ytterlegare informasjon.

Vurdering

Kommunen har over tid hatt dialog med både Bluefjords og Kitebrook som jobbar med utvikling av dataseter i planområdet. Når Luster kommune starta planarbeid i dette området, var det med føremål å sjå på mulegheitene for etablering av meir næring knytt til kraftkrevjande industri eller datasenter. Dette var naturleg, då Bluefjords allereie var etablert, og dette ligg ved eit knutepunkt i straumnett som gjev god og sikker tilgang på straum. Kommunedirektøren legg difor til grunn at planarbeidet betrar tilhøva for etableringar i området, og kjem ikkje til å kommentere saka ytterlegare anna enn å rå til at planarbeidet kan starte opp. Det er likevel 2 forhold det er vert å merke seg med omsyn til føremåla i planen. Det er rett at datasenter no er blitt eit førmål, men kommunedirektøren meiner det kan vere betre å fortsatt vise eit føremål som opnar for industri, og at datasenter vert definert gjennom føresegnene. Dette for å auke fleksibiliteten i planen. Kommunedirektøren vil også vise til at det har vore jobba med å finne ei alternativ plassering

av sprengstofflageret på andre sida av Jostedøla. Kjem ein i hamn med dette raskt, noko det er godt håp om, så kan fareområdet knytt til brann- og eksplosjonsfare takast ut av planen.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Planinitiativ for endring av reguleringsplan - Bluefjords